



NVE

Arkivsakid-doknr: 18/68-5 Saksh: Gunnar Elnan Arkivkode Dykkar ref. Dato:
Journalpostid: 18/1145 Telefon: 53 67 3652 K2 - S11 07.03.2018

Uttale til søknad om mellombels endring av manøvreringsreglement i Bjoreio

Eidfjord formannskap - 18/013:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Eidfjord kommune er positiv til Statkraft sin søknad om mellombels endring i manøvreringsreglementet for Bjoreio frå 14.04.18 og fram til vilkårsrevisjonen for Eidfjord Nord er gjennomført.

Eidfjord kommune ser perioden for mellombels endring som ei tid å vinna erfaring, og bed NVE ta omsyn til følgjande punkt ved fastsetting av mellombels manøvreringsreglement;

- Vass-slepp via Isdalsvatnet skal sikra ei temperaturauke på lakseførande strekning på 1-2°C i perioden 01.06-15.09.
- Vass-sleppet i perioden 15.11-01.06 må vera på 0,7 m³/s frå utløpet av Sysendammen. Alternativt kan vassføring i Bjoreio på lakseførande strekning sikrast ved at det på Høl er krav om minimum 0,7 m³/s.
- Statkraft må dokumentera opplevinga av Vøringsfossen med bilete frå utkikkspunkt etablert i Turistvegprosjektet kring Vøringsfossen og frå enden på stien under Vøringsfossen.
- Statkraft må dokumentera vassdekt areal i Bjoreio på lakseførande strekning med ulik vassføring på Høl.

Eidfjord kommune bed NVE ta med i vurderinga effekten av drifta av Tveitafoss kraftverk i forhold til produksjon og overleving av rogn- og yngel i Bjoreio.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til adressaten. Det held at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, gjer greie for vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar som er ynskjelege, og dei grunnar du vil gje for klagen. Dersom du klagar så seint at det kan vera uklårt for oss om du har klaga i rett tid, ber vi om at du gjev opplysning om kva tid du fekk meldinga.



Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord


Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

Telefon: 53 67 35 00

Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

www.eidfjord.no

Med venleg helsing
Eidfjord kommune



Gunnar Elnan
leiar areal- og miljø

Kopi til arkiv og kopibok



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	26.02.2018	18/013

Uttale til søknad om mellombels endring av manøvreringsreglement i Bjoreio

Dokument i saka:

Dok.dato	Tittel
29.01.2018	Høyringsbrev - Søknad om midlertidig endring av manøvreringsreglement i Bjoreio

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune er positiv til Statkraft sin søknad om mellombels endring i manøvreringsreglementet for Bjoreio frå 14.04.18 og fram til vilkårsrevisjonen for Eidfjord Nord er gjennomført.

Eidfjord kommune ser perioden for mellombels endring som ei tid å vinna erfaring, og bed NVE ta omsyn til følgjande punkt ved fastsetting av mellombels manøvreringsreglement;

- Vass-slepp via Isdalsvatnet skal sikra ei temperaturauke på lakseførande strekning på 1-2°C i perioden 01.06-15.09.
- Vass-sleppet i perioden 15.11-01.06 må vera på 0,7 m³/s frå utløpet av Sysendammen. Alternativt kan vassføring i Bjoreio på lakseførande strekning sikrast ved at det på Høl er krav om minimum 0,7 m³/s.
- Statkraft må dokumentera opplevinga av Vøringsfossen med bilete frå utkikkspunkt etablert i Turistvegprosjektet kring Vøringsfossen og frå enden på stien under Vøringsfossen.
- Statkraft må dokumentera vassdekt areal i Bjoreio på lakseførande strekning med ulik vassføring på Høl.

Eidfjord kommune bed NVE ta med i vurderinga effekten av drifta av Tveitafoss kraftverk i forhold til produksjon og overleving av rogn- og yngel i Bjoreio.

26.02.2018 - Eidfjord formannskap

Røysting:

Samrøystes vedteke.

FSK - 18/013 - Vedtak:

Eidfjord kommune er positiv til Statkraft sin søknad om mellombels endring i manøvreringsreglementet for Bjoreio frå 14.04.18 og fram til vilkårsrevisjonen for Eidfjord Nord er gjennomført.

Eidfjord kommune ser perioden for mellombels endring som ei tid å vinna erfaring, og bed NVE ta omsyn til følgjande punkt ved fastsetting av mellombels manøvreringsreglement;

- Vass-slepp via Isdalsvatnet skal sikra ei temperaturauke på lakseførande strekning på 1-2°C i perioden 01.06-15.09.
- Vass-sleppet i perioden 15.11-01.06 må vera på 0,7 m³/s frå utløpet av Sysendammen. Alternativt kan vassføring i Bjoreio på lakseførande strekning sikrast ved at det på Høl er krav om minimum 0,7 m³/s.
- Statkraft må dokumentera opplevinga av Vøringsfossen med bilete frå utkikkspunkt etablert i Turistvegprosjektet kring Vøringsfossen og frå enden på stien under Vøringsfossen.
- Statkraft må dokumentera vassdekt areal i Bjoreio på lakseførande strekning med ulik vassføring på Høl.

Eidfjord kommune bed NVE ta med i vurderinga effekten av drifta av Tveitafoss kraftverk i forhold til produksjon og overleving av rogn- og yngel i Bjoreio.

Vedlagt:

Brev frå NVE og søknaden frå Statkraft.

Desse har uttalt seg i saka:

Det var arrangert høyringsmøte der fagrådet for Eidfjordvassdraget var innkalla

Særutskrift skal sendast til:

NVE, Hardanger energi

Endeleg avgjerd i:

Formannskapet

Saka gjeld:

Statkraft søker NVE om endring av manøvreringsreglementet for Bjoreio frå 14.04.2018 fram til vilkårsrevisjonen er gjennomført. NVE bed om innspel til forslaget frå Statkraft med høyringsfrist 5. mars.

Nærare til forslaget frå Statkraft:

Gjeldande manøvreringsreglement seier vass-slepp på 12 m³/s i tida 01.06 til 15.09 i Vøringsfossen (målestasjon på Høl).

Forslaget no er å dela sleppet opp i tre periodar:

Sumar;

01.06-15.09, 11 m³/s og at det vert tillate at vassføringa for kortare periodar vert lågare med inntil 1 m³/s, men at dette vert kompensert slik at samla vassmengde vert som fastsett over 6 timar.

Haust;

15.09-15.11, det oppretthaldast ei vassføring på Høl på 1,5 m³/s.

Vinter;

Grunngjeving frå Statkraft:

- Statkraft vil kunna spare vatn ved at dei ikkje har ei eksakt grense for vassføring dei må halda seg innanfor. For ikkje å bryta denne grensa tappar Statkraft meir enn dei treng for å oppretthalda konsesjonskravet pga lokalt tilsig og variasjon mellom tappepunkt og målepunkt. Statkraft har simulert energiproduksjonen til å kunna auke med 12 Gwh i året.
- Søknaden vil betra forholda for laks og sjøaure i vassdraget. I tillegg vil manøvreringsreglementet oppretthalda viktige landskaps- og opplevingsverdiar for Vøringsfossen.
- Manøvreringsreglementet vil sikra vassføring i sumartida og redusera tapping av kaldt vatn i produksjonsperioden. Etter 15.09 vil ei minstevassføring sikre vassdekt areal i gytetida. Frå 15.11-14.04 vil vass-slepp frå Sysendammen sikra 80-90% overleving av ragna på lakseførande strekning. Statkraft ynskjer ikkje sleppa vatn i perioden 14.04-01.06 pga vasstap og klimaprognozar som tyder på meir nedbør i denne perioden.
- Statkraft har som intensjon å vidareføra praksis med å tappe delar av konsesjonsvassføringa gjennom luker i Storlia og Isdøla.

Statkraft har engasjert Uni Research Miljø til å overvaka effekt av tiltak og koma med tilrådingar. Dei skriv i rapport nr. 290 ma.:

Slipp av vann vinterstid vurderes som et svært viktig tiltak for å redusere eggdødlighet og å sikre vanddekt areal for ungfisk. Under det gjeldende midlertidige manøvreringsreglementet skal det slippes 0,7 m³/s i perioden 15.11-14.04 fram til 2018. ved framtidige endringer bør vannslippet økes ytterligere for å sikre en vannføring på 2 m³/s på anadrom strekning i lavvannsperioder. Det bør og sikres at det ikke forekommer kritisk lave vannføringer i hele perioden uten minstevannføring 15.09-01.06. Fortsette tappingen av vann fra Isdal og Storlia for å øke vanntemperaturen i Bjoreio. Det anbefales også at det etableres målestasjoner for vannføring for å dokumentere hvor mye vannslippene bidrar.

Økonomiske konsekvensar:

Legg ein til grunn ei auka produksjon på 12 Gwh utgjer det omlag kr 130 000 i naturressursskatt i kommunen på sikt (grunnlaget reknast av snittet av dei siste 20 åra). For Statkraft vil ei slik auke ha større verdi.

Juridiske konsekvensar:

Ingen kjende for kommunen.

Miljømessige konsekvensar:

Rådmann meiner det sentrale i forslag til endring i manøvreringsreglementet er å sikra vassdekt areal i elva og betre produksjonsgrunnlaget ved å auke vassstemperaturen om sumaren.

Sumarperioden;

01.6-15.09; Forslaget om å redusera sleppet i Vøringsfossen inneber, slik Statkraft styrer luker og tappeventilar, mindre slepp av kaldt vatn frå Sysendammen. Dette er positivt for produksjonen av laks og sjøaureungar i vassdraget. Uni Research Miljø skriv i rapport nr. 243 at tapping frå Storlia og Isdalsvatnet gir eit vesentleg bidrag til temperaturauke i Bjoreio. Temperaturauken resulterer i betre vekstvilkår for ungfisken som i sum resulterer i auka produksjon av smolt i vassdraget.

Statkraft skriv i søknaden at dei har som intensjon å vidareføra denne praksis. Med bygging

av Storlia kraftverk vil det for Statkraft vera sentralt å produsera mest mogleg av vatnet som vert teke inn frå Bjoreio. Vilkåret i konsesjon for Storlia kraftverk om minstevassføring er at det i tida 01.06-30.09 vert slept 1 m³/s og i tida 01.10-31.05 vert slept 100 l. Desse vilkåra er forventa å ha tyding for korleis Statkraft vil disponera vatnet frå Storlia. I forhold til bidrag til god sumartemperatur vil bidraget frå Isdalsvatnet vera sentralt. Ved å sleppe vatn frå Kleivane, vil vatnet få opphaldstid i Isdalsvatnet og bli oppvarma før det renn vidare til Bjoreio. I tillegg vil auka slepp til Isdalsvatnet vera positivt i forhold til å redusera groing av algar som er eit problem for utøving av fiske i vatnet.

Haustperioden;

15.09-15.11, er perioden for gyting. Statkraft opplyste at det oppretthaldast ei vassføring på Høl på 1,5 m³/s og at det på lakseførande strekking resulterer i minimum 2 m³/s grunna lokalt tilsig. Dette tilsvara tilråding frå Uni Research Miljø. Tiltaket vil sikra vassføring på aktuelle gyteområde.

Vinterperioden;

15.11-14.04, forslaget er permanent slepp av 0,7 m³/s frå Sysendammen. Grunna frost på målestasjonen på Høl meiner Statkraft det praktisk er vanskeleg å styra eit vass-slepp frå måling på Høl. Statkraft har opplyst at det er registrert at det ikkje er målt vassføring på Blåsteinen (lakseførande strekning), men meiner dette skuldast mykje stor stein i elva som gjer det vanskeleg å få ein målar djupt nok til å registrera vassføringa. Det er og vanskeleg å etablere eit elveprofil for å berekne vassføringa på lakseførande strekning. Målingar av tettleik av lakseungar viser store årvisse variasjonar og Uni Research Miljø tilrår minstevassføring på 2 m³/s for å eliminera risiko for stranding (fiskeungar vert liggjande att på tørt land og dør når vass-standen synker).

Statkraft ynskjer ikkje verta pålagt vass-slepp i perioden 14.04-01.06 og argumenterer med at det normalt er godt med tilsig i denne perioden. Normalt vil nok målepunktet på Høl vera isfritt i denne perioden og vil kunne brukast for å sikra ei minstevassføring. Det vil vera tragisk om det oppstår egg- og yngeldød pga. låg vassføring i denne perioden. Da har ikkje vass-sleppet tidlegare i sesongen hatt verdi for dei årsklassane som ikkje overlever. Som eit minstekrav bør vintervassføringa sikrast fram til 01.06.

I Statkraft sin presentasjon er det vist at det oppstår plutselige stopp i vassføringa på lakseførande strekning. Dette vert forklart med drift av Tveitafoss kraftverk og ein svikt i forbi slepping av vatn når kraftstasjonen stoppar og det ikkje er vassføring til at det renn på overløp i inntaksdammen. Dette er observert å ha fatale konsekvensar for fiskeungar med stranding.

Statkraft er oppteken av vassføring, men det er lite informasjon om kva dei ulike vassføringane representerer i vassdekt areal. Vassdekt areal er avgjerande for produksjonen av fiskeungar. Rådmann meiner Statkraft bør dokumentera dette betre i perioden fram mot revisjon.

Illustrasjon av effekten av vass-slepp i Vøringsfossen er gjort med bilete frå det gamle utkikkspunktet ved Fossli. I samband med Turistveg prosjektet er det no etablert nye utkikkspunkt kor dei aller fleste besøkjande i dag vil bruka for å sjå fossen. Effekten av vass-sleppet bør illustrerast frå desse utkikkspunkta. I tillegg er det mange som går stien inn under Vøringsfossen, også her bør effekten dokumenterast med bilete.

Personalmessige konsekvensar:

Ingen kjende for kommunen.

Konsekvensar for folkehelse:

Sportsfiske er ein viktig fritidsaktivitet som bidreg til betre folkehelsa.

Geir Underhaug
rådmann

Elnan, Gunnar
sakshandsamar

Rett utskrift: